



STATENS MEDIEFORVALTNING



ÅRSMELDING 1996



STATENS MEDIEFORVALTNING

Postboks 444, 1601 Fredrikstad

Telefon 30 - telefaks 69 31 92 80


9
301.2
STATENS
MEDIE-
FORVALTNING

1996



Staben i Statens medieförvaltning: Første rekkje frå venstre: rådgivar Dag Løvda, avd. dir. Liv Daae Gabrielsen, direktør Ivar Andenæs og avd. dir. Sølvi Ellingsen. Andre rekkje frå venstre: førstefullmektig Hilde M. Guttormsen, sekretær Turid Johannesen, førstesekretær Eva Johnson, konsulentane Gerd Wilhelmsen og Marie Therese Lilleborge og førstekonsulentane Erik Langebeck, Arve Lindboe, Nils Ø. Gulbrandsen, Carl-Henrik Lyngås, Jon H. Stjernstedt og Jan Erik Andersen. (Foto: Kjell S. Stenmarch)

Innhold



Side

Nye konsesjoner og ny satsing	2
Mål og arbeidsoppgåver	3
Administrasjonen	3
Kringkasting	5
- Regelverket	5
- Nærradio	6
- Lokalfjernsyn	9
- Korttidskonsesjoner	11
- Reklame og sponning: tilsyn	12
- Regelverk om sponning	13
- Innholdet i programkanalene	13
- Vidaresending i kabelnett	14
- Vidaresending via private omformaranlegg	14
- Tilskott til nærkringkastingsformål	15
- Allmennkringkastingsrådet	15
- Internasjonalt arbeid	16
Presse	17
- Produksjonstilskott	17
- Andre støtteordninger	18
- Råd og utval	20

Vedlegg:

Styre, råd og utval	22
Konsesjonærliste	24
Fordeling av produksjonstilskott	30






Nye konsesjonar og ny satsing

Året 1996 vart sterkt prega av konsesjonsutdeling til nærkringkasting. I midten av januar fekk 30 lokalfjernsynsselskap konsesjon, og heilt mot slutten av året vart det delt ut vel 300 konsesjonar til lokalradio.

Talet på lokalfjernsynskonsesjonærar vart redusert til ein tredel, idet 70 selskap gjekk ut av saga. Nesten like mange nærradiokonsesjonærar forsvann, men ettersom talet her frå før var ca 370, markerte den nye konsesjonsrunden ikkje den same omstruktureringa som tilfellet var for lokalfjernsynet. Medan det berre blir gitt ein konsesjon til bakkesendt lokalfjernsyn i kvart konsesjonsområde, finst det ikkje noko slikt "tak" for nærradio: Her er det frekvenskapasiteten og lyttargrunnlaget som er avgjerande. Ei viktig reform er likevel gjennomført: Dei ulike typar av radio - enten dei representerer ungdomskultur, livssyn, etniske minoritetar, klassisk musikk eller kommersielle interesser - er no etter beste evne fordelte slik at dei einskilte frekvensane får ein klårare og meir heilskapleg profil. Dette gjeld først og fremst i dei større byane med meir enn ein frekvens, medan radiomønsteret ute i distrikta stort sett er uendra.



Vi får stadig meldingar som viser at den nye konsesjonsutdelinga har gitt både nærradio og lokalfjernsyn eit godt puff oppover i kvalitet og målretta satsing.

Konsesjonsutlysinga kom på eit langt seinare tidspunkt enn opphøveleg føresett. Det skuldast at den politiske prosessen tok si tid. Det får vi leve med. Men frå utlysinga og fram til konsesjonsutdelinga fann stad, gjekk prosessen kjapt og greitt. Det kan vi i stor monn takke gode samarbeidspartnarar for, mellom andre Norsk Lokalradioforbund, Norske Fjernsynsselskapers Landsforbund og Statens teleforvaltning. Og ikkje minst ei stor takk til konsesjonsrådet under leiing av Kjersti Graver, som i møte etter møte vart neddyngd med saksdokument, men som likevel kom i mål innan dei oppsette fristane.

Arbeidet med den nye konsesjonsperioden har medført at andre oppgåver måtte skyvast noko til sides, først og fremst tilsynet med at kringkastarane etterlever dei lover og reglar som finst på området. Her har vi ein stor jobb å gjere i 1997.

Statens medieforvaltning er underlagt Kulturdepartementet og har som si hovudoppgåve å setje lover og reglar på medieområdet ut i livet. Men vi ønskjer i tillegg å medverke til å utforme dei lovene og reglane som skal gjelde på området. Inneverande år har vi m.a. arbeidd med regelendringar for pressestøtta, støtta til samiske aviser og innvandraraviser, sponning i kringkasting og ulike innspel til den nye forskrifta til kringkastingslova. I tillegg har vi utarbeidd eigne retningslinjer for fusjoneringstilskott og for samsendingar i radio. Vekselspelet mellom regelskaping og regelbruk, mellom teori og praksis, er ein føresetnad for at SMF og den einskilte medarbeidaren skal kunne utføre den jobben vi er sette til - å medverke til å leggje grunnlaget for eit godt og allsidig medietilbod.

Ivar Andenæs
Ivar Andenæs



MÅL OG ARBEIDSOPPGÅVER

Statens medieforvaltning vart oppretta 1.1.1994 som eit forvaltningsorgan for allmenne mediespørsmål. Ansvar for dei pressepolitiske saksområda vart overført Statens medieforvaltning 1.1.1995.

Hovudmåla for kringkastings- og pressepolitikken er omtala i Kulturdepartementets budsjettproposisjon for 1996. For å nå dei overordna måla har Kulturdepartementet fastsett at Statens medieforvaltning mellom anna skal:

- gi konsesjon til å etablere og drive kringkasting og nærkringkasting
- føre tilsyn med at nærkringkastingsverksemda blir drive etter vilkåra
- føre tilsyn med at det ikkje oppstår eigarkonsentrasjon i strid med regelverket
- føre tilsyn med og sjå til at kringkastingsselskapa overheld regelverket om reklame og sponning
- administrere pressestøtta i samsvar med gjeldande regelverk.

Dei fastsette måla og oppgåvene for verksemda i 1996 er planlagde og gjennomførte etter føresetnadene.

ADMINISTRASJONEN

Statens medieforvaltning er organisert i to avdelingar: Kringkastingsavdelinga og Presse- og administrasjonsavdelinga. Staten har 14 faste stillingsheimlar og ei engasjementstilling. Engasjementet vil bli vidareført i 1997.

Statens medieforvaltning hadde eit driftsbudsjett i 1996 på 7,5 millionar kroner. I tillegg administrerte etaten tildelinga på kap 335 pressestøtte, som i 1996 var på 267 millionar kroner.

I tillegg til dei løpande oppgåvene innanfor presse- og kringkastingsområdet, legg verksemda vekt på eit godt samarbeid med andre etatar og organisasjonar på presse- og kringkastingsområdet. Administrasjonen har derfor vore representert på organisasjonane sine årsmøte og andre møte og konferansar med tilknytning til medieområdet. Statens medieforvaltning har hatt kontaktmøte med konsesjonsstyresmakter i dei andre nordiske land.

Statens medieforvaltning har vore sekretariat for følgjande råd og utval:


- Kontaktutvalet mellom dagspressa og staten
- Rådet for anvendt medieforsking
- Støtteutvalet for dagsavisene
- Støtteutvalet for innvandrapublikasjonar
- Konsesjonsrådet for nærkringkasting
- Fagutvalet for nærkringkastingssaker under Audiovisuelt produksjonsfond
- Allmennkringkastingsrådet.

Statens medieforvaltning har også stilt til rådvelde sekretær for styret for Stiftelsen Lettlest-avisen.



ORGANISASJONSKART

STATENS MEDIEFORVALTNING





KRINGKASTING

Regelverket

Ansvar og oppgaver på kringkastingsfeltet er knytte til følgjande lover og forskrifter:

- Lov om kringkasting av 4. desember 1992.
- Forskrift om nærkringkasting fastsett ved kgl. res. 5 januar 1996.
- Forskrift om konsesjonsområder for lokalfjernsyn fastsett ved kgl. res. 25. august 1995.
- Forskrift om lokalfjernsyn på NRK2s bakkesendarar fastsett ved kgl. res. 22. november 1996.
- Forskrift om kabelsendingar fastsett ved kgl. res. 7. oktober 1988.
- Forskrift om reklame i kringkasting fastsett ved kgl. res. 19. april 1991.
- Forskrift om sponning m.v. av kringkastingsprogram fastsett ved kgl. res. 19. april 1991.
- Midlertidig lov om sanksjoner ved brudd på lov om reklame i kringkasting m.v. av 2. april 1993.
- Retningslinjer - Tilskott til nærkringkastingsformål fastsette av Kulturdepartementet 8. november 1994.






Nærradio

Konsesjonsstatus

Pr. 31.12.96 var det 308 nærradiokonsesjonærer, mot 369 året før.

Utviklinga i talet på nærradioar



44 s  kjarar klaga etter konsesjonstildelinga.

Reduksjonen i 1996 er i all hovudsak resultat av utdelinga av nye konsesjonar.

F  r nye konsesjonar vart delte ut hausten 1996, var 13 nærradiokonsesjonar sletta i l  pet av   ret. Tre gjekk konkurs, medan ti konsesjon  rar sa opp konsesjonen.

Ny konsesjonsperiode

Fristen for    s  kje ny konsesjon til drift av nærradio var 16. februar 1996. D   s  knadsfristen var ute, var det innkomne 404 s  knader om konsesjon. Det kom inn s  knader fr   heile landet med unntak av Svalbard. Flest   nskte konsesjon for Oslo der det kom inn 47 s  knader.


Eit konsesjonsr  d oppnemnt av Kulturdepartementet har gitt r  d til Statens medieforvaltning ved behandlinga av s  knadene. Dessutan har Statens medieforvaltning i enkelte tilfelle innhenta ekstern assistanse til vurderinga av s  kjarane sine   konomiske vilk  r for drift av nærradio. Ved s  knadsbehandlinga vart det mellom anna lagt vekt p   s  kjarane sine   konomiske og faglege vilk  r for drift av nærradio. Programplanane til s  kjarane og eventuell vidaref  ring av tidlegare nærradiodrift var ogs   moment i s  knadsbehandlinga. Statens medieforvaltning har fatta vedtaka sine i samsv  r med innstillinga fr   konsesjonsr  det.

Konsesjonane vart delte ut i puljar hausten 1996. I november m  nad var konsesjonsutdelinga fullf  rt, og til saman 308 konsesjonar vart gitt.

44 s  kjarar klaga p   Statens medieforvaltning sine vedtak. Av desse har 25 klaga p   avslag p   s  knad om konsesjon, ti har klaga p   inndeling av konsesjonsomr  de og ni har klaga p   plassering p   frekvens.

Konsesjonsomr  de

Ved utgangen av 1996 var det 161 konsesjonsomr  de, mot 198 i f  rre konsesjonsperiode. Samtidig med utlysinga av ny konsesjonsperiode vart det foresl  tt    redusere talet p   omr  de til 140, for dermed    f   st  rre omr  de med betre lyt-



tar- og innteningspotensiale og betre teknisk kvalitet på sendingane. Konsesjonsområda slik dei vart kunngjorde, vart tilrådde av Statens medieforvaltning i samråd med Statens teleforvaltning og Norsk Lokalradioforbund. I tråd med innstillinga til stortingskomitéen (Innst. S. nr 190 1994-95), vart det likevel også opna for å søkje om område som skil seg frå dei tilrådde. Mange søkte om avvikande område, og resultatet vart at det vart oppretta 21 område meir enn opphavleg tilrådd.


Ti område har meir enn eitt sendarnett til rådvelde for nærradio. Dette gjeld følgjande område:

- Oslo (6 sendarnett)
- Bergen (3 sendarnett)
- Lier, Nedre Eiker og Drammen (2 sendarnett)
- Kristiansand (2 sendarnett)
- Stavanger og Sola (2 sendarnett)
- Trondheim og Leksvik (2 sendarnett)
- Vindafjord, Tysvær, Haugesund, Karmøy, Bokn, Utsira, Sveio, Etne og Ølen (1 1/2 sendarnett)
- Molde, Fræna, Aukra, Midsund og Vestnes (1 1/2 sendarnett)
- Skodje, Giske, Ålesund, Sula og Ørskog (1 1/2 sendarnett)
- Sarpsborg og Råde (1 1/2 sendarnett)

1 1/2 sendarnett tyder to sendarnett der eitt gir fullstendig dekning, medan det andre berre gir god dekning i primærområdet.

Ifølgje forskrifta om nærkringkasting § 2 er det Statens medieforvaltning som avgjer kven som skal sende på dei ulike netta i område med meir enn eitt sendarnett.

Stortingskomitéen har i Innst. S. nr 190 (1994-95) oppfordra til at nærradioar i område med fleire frekvensar finn fram til samarbeidsformer som gir betre tilgang til samanhengande sendeflater. Statens medieforvaltning har følgd opp dette med oppmoding til dei lokale konsesjonærane om å bli samde om frekvensplassering. Når konsesjonærane er blitt plasserte på frekvens, har Statens medieforvaltning derfor lagt stor vekt på lokale forslag. Både i Oslo, Bergen og Trondheim er det kome forslag til frekvensfordeling som eit fleirtal av konsesjonærane har stilt seg bak.



Sendarnett og sendetimar

Det var 220 sendarnett i drift ved utgangen av 1996.

Utviklinga frå 1990 til 1995 er denne:

1990: 200
1991: 207
1992: 213
1993: 212
1994: 218
1995: 221

Til å gjennomføre sendingane blir det nytta 220 sendarfrekvensar og 375 omformarfrekvensar, til saman 595 frekvensar for nærradiosendingar.

Statens medieforvaltning har ikkje registrert vesentlege endringar i talet på sendetimar for 1996. Truleg vart det sendt mellom 700 000 og 750 000 timar nærradio i Noreg i 1996.

Samsendingar

Statens medieforvaltning fekk 19 søknader om løyve til samsending i 1996. 18 av søknadene vart heilt eller delvis innvilga, medan ein vart avslegen. To av søknadene gjaldt forlenging av tidlegare løyve til samsending.

Eit av løyva gjaldt samsending mellom ein konsesjonær for avgrensa nærkringkasting og ein permanent konsesjonær. Andre løyve gjaldt samsending mellom permanente konsesjonærer.

Mange ønskjer løyve til å samsende for å nå fleire lyttarar. Andre ønskjer i fellesskap å dekkje større arrangement. Nokre radioar med ressursar til berre avgrensa sendeaktivitet ønskjer å samsende med naboradioar. Fleire av prosjekta for samsending hadde som formål å prøve ut samarbeid mellom konsesjonærer med sikte på eit større konsesjonsområde eller ein felles konsesjon i komande konsesjonsperiode. Statens medieforvaltning har stilt seg positiv til slike søknader.

Ifølgje forskrifta om nærkringkasting § 7 skal Statens medieforvaltning fastsetje retningslinjer for samsendingar i nærradio. Retningslinene vil bli lagde fram våren 1997.

Søknader om samsending innsomne i 1996 er behandla ut frå ein hovudregel om at det maksimalt kan samsendast innanfor 25 prosent av den totale sendetida til ein konsesjonær, og at samsendingar berre kan skje mellom konsesjonærer i tilgrensande konsesjonsområde. Det er gjort unntak frå hovudregelen der særskilte grunnar tilseier det.



Lokalfjernsyn

Ny konsesjonsperiode

Søknadsfristen for å søkje konsesjon til drift av lokalfjernsyn var 1. oktober 1995. Det vart gitt høve til å søkje om konsesjon innanfor fire forskjellige kategoriar: Allmennfjernsyn og undervisningsfjernsyn over bakkesendarar, lokalfjernsyn i kabelnett og kommunal informasjonskanal i kabelnett.



Landet er delt inn i 30 område for lokalfjernsyn. Områda er fastsette i forskrift av 25. august 1995, gjeldande frå 1. januar 1996. Oslo er det største området med 483 000 innbyggjarar, medan Svalbard er det minste. Områda er utarbeidde av Statens medieforvaltning i samråd med Statens teleforvaltning og Norske Fjernsynsselskapers Landsforbund. Ved utarbeidinga vart det lagt vekt på Stortinget sitt ønskje om at områda må få eit sjåargrunnlag som kan trygkje lønsam drift og gi grunnlag for levedyktige lokalfjernsynsselskap.

Då søknadsfristen var ute, hadde Statens medieforvaltning fått 158 søknader om konsesjon. Det kom 76 søknader om konsesjon til bakkesendt allmennfjernsyn, 64 om konsesjon i kabelnett, 17 om konsesjon til undervisningsfjernsyn og ein søknad om konsesjon til kommunal informasjon i kabelnett.

Allment lokalfjernsyn

Konsesjonsutdelinga fann stad 16. januar 1996. Det vart gitt konsesjonar i alle 30 konsesjonsområda og berre gitt ein konsesjon i kvart konsesjonsområde, slik det er føresett i regelverket.

Eit konsesjonsråd oppnemnt av Kulturdepartementet har gitt Statens medieforvaltning råd ved behandlinga av søknadene. Rådet gav ei samstemmig innstilling. Statens medieforvaltning fatta vedtaka sine i samsvar med innstillinga frå konsesjonsrådet. Ved søknadsbehandlinga vart det lagt vekt på søkjarane sine økonomiske og faglege føresetnader for drift av lokalfjernsyn. Det vart også lagt vekt på om søkjarane hadde lagt fram planar om eit allsidig programtilbod. Ved vurderingane av økonomien til søkjarane fekk Statens medieforvaltning ekstern hjelp.


Det kom inn 19 klager på konsesjonsvedtaka. Kulturdepartementet gav Statens medieforvaltning medhald i alle klagesakene.

Store regionaviser som Bergens Tidende, Stavanger Aftenblad, Adresseavisen i Trondheim og Fædrelandsvennen i Kristiansand har eigardelar i lokale selskap som har fått konsesjon. I Oslo er Arbeiderbladet medeigar i Oslo Lokal TV AS. Også mellomstore aviser er godt representerte. Særleg gjeld dette aviser som tilhøyrrer A-pressa. Til saman er aviser inne på eigarsida i 19 av områda.

Ifølgje forskrifta om nærkringkasting som vart fastsett 5. januar 1996, skal ingen enkelt aktør kunne dekkje meir enn 1/3 av den samla nasjonale marknaden for lokalfjernsyn. Dei største enkeltaktørane er Norsk Lokal TV AS og A-pressa AS med ein marknadsdel på respektive 30 og 23 prosent. I Norsk Lokal TV AS vil det venteleg skje endringar i tida som kjem, slik at dette biletet vil endre seg.


Kabelnetta har plikt til å formidle bakkesendt allment lokalfjernsyn.

Ved utgangen av året hadde 22 av konsesjonærane starta sendingar, og dei fleste andre selskapa som fekk konsesjon



Reklame og sponning: tilsyn

Statens medieforvaltning er tilsynsorgan i forhold til reglane om reklame og sponning i kringkasting. Tilsynsverksemda blir hovudsakleg gjennomført ved rutinemessig innhenting av opptak frå konsesjonærane, men skjer også ved behandling av innkomne klager.



TVNorge

Det er i tre saker konstatert brot på regelverket. Eitt var brot på reglane om plassering av reklameinnslag i program der ei direkteoverføring av alpint skirenn vart avbroten med reklame midt i ein omgang. I slike sendingar skal reklame plasserast i naturlege pausar, til dømes mellom to omgangar. Statens medieforvaltning har vidare gitt TVNorge ei åtvaring for brot på forskrifta om reklame § 1, då selskapet ved to høve hadde sendt meir enn tolv minutt reklame i timen.

TV2


Ved tilsyn av sendingane til TV2 vurderte Statens medieforvaltning eit tilfelle der ei sportssending var sponsa av eit bryggjeri. Etter reglane om sponning kan ikkje føretak med hovudaktivitet å produsere eller selje produkt det er forbo- de å reklamere for, vere sponsor for kringkastingsprogram. I den konkrete saka var det tvil om det aktuelle bryggjeriet hadde alkoholproduksjon som sin hovudaktivitet. Statens medieforvaltning la avgjerande vekt på at dei fleste oppfatar bryggjeri først og fremst som ølprodusentar. Etter vår oppfatning kan bryggjeri derfor ikkje stå som sponsorar. Alle kringkastingselskapa har innretta seg etter denne tolkinga.

Statens medieforvaltning gjorde i desember 1995 vedtak om forbod mot å sende reklame ein dag. Saka gjaldt omfattande overskridingar av tillaten reklamemengd, og var knytt til telekjøpsprogrammet "TV-Torget". Vi meinte at sendinga måtte vurderast som reklame ifølgje kringkastingslova og inngå i reklamekvoten. TV2 hevda at "TV-Torget" ikkje skulle inngå i reklametida. Saka vart klaga til Kulturdepartementet. Statens medieforvaltning fekk medhald i at programmet måtte vurderast som reklame og at reglane om reklamemengd kunne nyttast. Sanksjon i form av ein reklamefri dag var heller ikkje ein urimeleg reaksjon. Departementet opphevde likevel vedtaket om sanksjon, mellom anna fordi det hadde gått lang tid frå vedtaket vart fatta til departementet hadde ferdigbehandla klaga.

NRK

Statens medieforvaltning skal føre tilsyn med at NRK rettar seg etter regelverket om sponning av kringkastingsprogram. Det er ved fire høve teke opp saker med NRK. To av sakene gjaldt barneprogram, som etter forskrifta om sponning § 4 ikkje kan sponsast av verksemd som har til formål å drive næringsverksemd. I det eine tilfellet var programmet sponsa av ei miljøstifting med formål å drive informasjon og haldningsskapande arbeid om returordningar. Statens medieforvaltning la avgjerande vekt på at verksemdene som stod bak stiftinga måtte reknast som næringsverksemd, og at stiftinga derfor ikkje kunne sponse programmet.

Dei andre sakene gjaldt overskriding av tillaten tid for sponsoridentifisering, og eit tilfelle der sponsor berre var identifisert ved slutten av programmet. Etter forskrifta skal sponsor identifiserast både ved inn- og utannonsering av programmet.



Regelverket om sponning

Kulturdepartementet bad i brev av 25. april 1996 Statens medieforvaltning om å vurdere regelverket for sponning av kringkastingsprogram og foreslå endringar. Kringkastingselskapa har ved fleire høve teke opp forskrifta og praktiseringa av henne. Mellom anna blir det hevda at forskrifta femner for vidt, for eksempel ved at ho ikkje skil mellom store og små bidrag til produksjonen. Særleg NRK har i tillegg hevda at reglane er uklare, ettersom det til dømes kan oppstå tvil om eit program skal utstyrt med sponnidentifikasjon eller ikkje. Statens medieforvaltning har også erfaring med at somme delar av regelverket kan vere vanskelege å handheve på ein konsekvent måte.

Statens medieforvaltning oppnemnde på dette grunnlaget ei arbeidsgruppe med representantar for medieforvaltninga og NRK, TV2 og TVNorge som skulle vurdere problemstillingar i forhold til noverande regelverk. Grappa har avslutta arbeidet, og rapport med forslag til regelendringar er send Kulturdepartementet.


Innhaldet i programkanalane

Etter lov om kringkasting § 4-5, kan Statens medieforvaltning forby vidaresending i norske kabelnett av fjernsynskanalar som sender program med pornografi eller vald i strid med norsk lov. Ved vurdering av om innhaldet i sendingane er lovleg, skal Statens medieforvaltning i saksbehandlingsbe om fråsegn frå Statens filmtilsyn.

Statens medieforvaltning tok i 1996 opp til behandling fleire tilfelle der det var sendt program med pornografi i strid med norsk lov. Programma vart sende av den svenske filmkanalen TV1000, og versjonen i kabelnetta var utan svart sladd.


I saka sa selskapet seg lei for at det hadde vore ulovlege sendingar. Årsaka var tekniske problem hos det selskapet som står for sjølve utsendinga av TV1000. TV1000 lova å innskjerpe interne kontrollrutinar. Utsendingane blir no utførte reint teknisk av TV1000 sjølv. Statens medieforvaltning fann det då ikkje nødvendig å gå vidare med sanksjonar.

Statens medieforvaltning har over ein periode i 1996 kartlagt innhaldet i fjernsynsprogram retta mot barn og unge. Arbeidet er gjort som eit ledd i Regjeringas handlingsplan mot vald i biletmedia. På bakgrunn av kartlegginga skal det trekkjast ei grense for program som kan vere skadelege for barn og ungdom når sendingane skjer på tidspunkt barn og ungdom er ei dominerande sjåargruppe. Sendeplata til fire kanalar vart gjennomgått frå sendingas start til kl 2100 i ei veke. Til saman utgjorde dette vel 200 sendetimar. Dei fire kanalane som vart kartlagde var NRK, TV2, TVNorge og TV3. Kartlegginga avdekte at svært få innslag ville blitt ramma av straffelova. Likevel var det ein klar tendens at programtrailerar stod for dei fleste valdsskildringane, hovudsakleg i dei tre kommersielle kanalane. Trailerar består ofte av klipp frå dei mest handlingsfylte sekvensane av programma og inneheld derfor ofte sterke valdsscener. Undersøkinga reiser spørsmål om behov for å endre dagens regelverk til konkret også å regulere programtrailerar.



Vidaresending i kabelnett

Regelverket pålegg kabeleigar å setje av kanalplass i nettet til vidaresending av visse fjernsynssendingar (formidlingsplikt). Denne plikta gjeld i dag fjernsynssendingane til NRK, norsk TV2 og sendingar frå lokal-fjernsyn. I kabelnett med svært avgrensa kanalkapasitet kan Statens medieforvaltning etter søknad vurdere dispensasjon frå formidlingsplikta.



Statens medieforvaltning har gjort merksam på at plikta til vidaresending av lokalfjernsyn i kabelnett gjeld alle delar av kringkastinga, også når lokalfjernsynssendinga inneheld vidaresending av andre kringkastingssendingar. I tillegg har vi understreka at vidaresendinga skal finne stad mest mogeleg fritt og i allment tilgjengelege kabelkanalar. Statens medieforvaltning sende i august 1996 eit rundskriv med orientering om dette til kabelnetta. Det vart her særleg vist til at formidlingsplikta også gjeld NRK 2.

Statens medieforvaltning har presisert overfor kabelselskapet Telenor Avidi at det ikkje vil vere tilstrekkeleg å vidare-sende NRK2 i S-bandet ettersom ikkje alle abonnentane i nettet kan ta inn slike kanalar. Det har også vore nødvendig å understreke formidlingsplikta for bakkesendt lokalfjernsyn, spesielt overfor ein del mindre kabelnett.

I ein del tilfelle har kabeleigar ønskt å drive kringkastingssendingar i eige kabelnett. Sendingar utover dei avgrensa informasjonssendingane kabeleigaren kan drive, føreset konsesjon. Kabeleigar kan ikkje sjølv ha kringkastingskonseksjon.


Vidaresending via private omformaranlegg

Oppretting av omformaranlegg til vidaresending føreset konsesjon. Statens medieforvaltning er konsesjonsorgan og kan gi konsesjon på nærmare fastsette vilkår for inntil fem år om gongen.

På grunn av den vanskelege frekvenssituasjonen og planlegginga av overgang til digitale fjernsynssendingar, vil løyve til vidaresending av NRK2 berre kunne vurderast i område som ligg i satellittskugge.

Statens medieforvaltning har i 1996 gitt fire konsesjonar, tre for vidaresending av norsk TV2 og ein konsesjon for NRK1.

Det er vidare gitt tre konsesjonar for vidaresending i område som ligg i satellittskugge.



Tilskott til nærkringkastingsformål

1996 var det siste året Statens medieforvaltning fungerte som sekretariat for Fagutvalet for nærkringkastingssaker. Sekretariatsoppgåvene for fagutvalet er no lagde til administrasjonen til Audiovisuelt produksjonsfond i Oslo.

Fagutvalet for nærkringkastingssaker har hatt åtte møte i løpet av året. For 1996 har styret i AV-fondet, etter forslag frå fagutvalet, fordelt midlar berre til lokalfjernsynsformål.

Til saman er det gitt ca. 2,2 millionar kroner, fordelt med 1,9 millionar til programproduksjon og ca. 300 000 til kursverksemd. I tillegg har Norske Fjernsynsselskapers Landsforbund fått 560 000 kroner i tilskott og Norsk Lokalradioforbund 980 000 kroner.

Allmennkringkastingsrådet

Allmennkringkastingsrådet vart oppretta som eit rådgivande organ for Kulturdepartementet i mars 1996. Rådet skal vurdere om programarbeidet i NRK, TV2 og P4 er i samsvar med prinsippa for allmennkringkasting. Rådet skal ikkje vurdere enkeltprogram, men skal ta stilling til om den samla programprofilen er i samsvar med prinsippa for allmennkringkasting. Rådet sine vurderingar skal leggjast fram for Kulturdepartementet i form av ein årleg rapport.

Statens medieforvaltning er sekretariat for rådet som har sju medlemmer. Fire av medlemmene blir oppnemnde av Kulturdepartementet på fritt grunnlag. I tillegg oppnemner Kulturdepartementet eitt medlem frå kringkastingsrådet, eitt frå TV2s programråd og eitt frå P4s programråd.

Allmennkringkastingsrådet har i 1996 hatt fem møte. I tillegg har leiaren og sekretæren hatt møte med representantar for NRK, P4 og TV2.

Hovudoppgåva til rådet i 1996 har vore å utforme kriterium for evaluering av allmennkringkasting, og å utgreie korleis rådet best kan undersøkje om dei formulerte kriteria blir oppfylte.


Rådet sitt første utkast til kriterium for allmennkringkasting vart i oktober lagt fram for kringkastarane for at dei skulle uttale seg. På bakgrunn av tilbakemeldinga frå desse, utarbeidde rådet eit endeleg forslag. Kulturdepartementet fastset kriteria.

Om dei formulerte kriteria faktisk blir oppfylte, skal undersøkjast delvis ved hjelp av programstatistikk og delvis ved kvalitative analysar.

Rådet vil inntil vidare ikkje etablere eigen programstatistikk, men basere seg på kringkastarane sine egne statistiske oversikter. Rådet har sett i gong eit prosjekt der fem medieforskarar skal undersøkje korleis kringkastarane dekkjer nyhende/aktualitetar, kultur og stoff for barn.




Internasjonalt arbeid



Statens medieforvaltning har delteke i to møte i EPRA (European Platform of Regulatory Authorities). Møta vart haldne i Paris og Amsterdam. EPRA er eit uavhengig forum samansett av europeiske konsesjons- og tilsynsorgan på kringkastingsområdet. Medlemskap i EPRA føreset at organisasjonen er eit frittstående organ med oppgåver innan konsesjonering og tilsyn med radio og fjernsyn. Formålet med EPRA er at styresmaktene kan utveksle informasjon og erfaringar på kringkastingsfeltet både på nasjonalt og europeisk nivå.

Statens medieforvaltning deltok på møte i Stockholm mellom nordiske konsesjons- og tilsynsorgan. På møtet vart det drøfta felles problemsstillingar innan kringkasting. Det er planlagt å halde årlege nordiske møte. Dei styresmaktene som deltok var Satellit- og kabelnemnden, Udvalget vedr. lokal radio og TV og Kulturministeriet (Danmark), Granskningsnämnden, Radio- och TV-verket (Sverige), Trafikministeriet (Finland) og Statens medieforvaltning.

Direktøren i Statens medieforvaltning har vore norsk representant i ekspertgruppa som vurderer mediekonsentrasjon under Europarådets styringskomité på medieområdet (CDMM). Avdelingsdirektøren i Kringkastingsavdelinga har vore norsk korrespondent for det europeiske audiovisuelle observatoriet i Strasbourg.




PRESSE

Produksjonstilskott

I 1996 vart det fastsett ny forskrift om produksjonstilskott til dagsaviser. Den nye forskrifta stiller ytterlegare krav til organisering og drift av aviser som får produksjonstilskott.

Storparten av produksjonstilskottet går i dag til nr. 2-avisene. Tilskottet til nr. 2-avisene blir rekna ut etter godkjent netto opplag multiplisert med talet på utgivingar pr. kalenderår og blir ytt etter ulike satsar. Aviser i Oslo, Bergen, Trondheim og Stavanger får tilskott etter høgaste sats. Søkalla riksspreidde meiningsberande aviser i Oslo og Bergen får eit særskilt ekstra tilskott. Aviser med opplag mellom 1 000 og 6 000 eksemplar får eit fast tilskott etter talet på utgivingar i veka. Nr. 1- og aleineaviser i Nordland, Troms og Finnmark får støtte etter dobbel sats.



Endringar i regelverket

Ny forskrift om produksjonstilskott til dagsaviser vart fastsett 7. november 1996. Forskrifta gjeld for behandling av søknader om produksjonstilskott frå og med tilskottsåret 1996. Den nye forskrifta vart fastsett på bakgrunn av stortingsbehandlinga av St. prp. nr. 1 for 1995-96. Stortinget var særleg oppteke av at det må etablerast klare reglar og kontrollrutinar som hindrar at produksjonstilskottet blir nytta til andre formål enn avisdrift. Den nye forskrifta stiller krav om at aviser som skal få produksjonstilskott må vere organiserte som aksjeselskap. Dette gjer at reglane i aksjelova om utbytte og konsernbidrag gjeld for alle aviser som får produksjonstilskott. Aviser som inngår i konsern skal vidare gi ein spesifikasjon over vesentlege transaksjonar med andre selskap i konsernet og samtidig stadfeste at transaksjonane er gjennomførte til marknadspris. Desse reglane skal til saman sikre at produksjonstilskottet ikkje går til aviseigarane som utbytte/konsernbidrag. For ytterlegare å sikre at produksjonstilskottet blir brukt til utgiving av avis, er det innført ein regel om at tilleggsverksemd som omfattar meir enn 1/3 av omsetninga i avisselskapet må skiljast ut som eige aksjeselskap.

Aviser som søker produksjonstilskott må innehalde hovudsakleg allment nyhende- og aktualitetsstoff som gjer at avisa skil seg frå andre typar publikasjonar. Dette er ein skjønnsregel som presseorganisasjonane i lengre tid har ønskt å erstatte med meir objektive reglar. Ved behandlinga av statsbudsjettet for 1997 slutta Stortinget seg til forslaget i St.prp. nr. 1 (1997-98) om å endre definisjonen av "støtteberettiget dagspresse". Endringa inneber at det ikkje lenger skal setjast kvantitative krav til det allmenne innhaldet i avisene. Dette vil saman med enkelte justeringar av krava til opplag og talet på utgivingar i kalenderåret, gi klårare reglar enn i dag. Endringa vil bli innarbeidd i forskrifta med verknad frå 1997.



Tilskottsfordelinga i 1996

I 1996 mottok 124 aviser produksjonstilskott med til saman omlag 200 millionar kroner.

Tilskottet mellom avisgruppene fordelte seg slik:




Diagram: Prosentvis fordeling av produksjonstilskottet mellom avisgrupper i 1996

Lokalavisene Søvsten, Bø Blad, Sydvest Nytt, Lierposten, Bømlo i Tekst og Bilde og Vigga kom første gong inn i tilskottsordninga i 1996. Avisene kjem ut frå ein til tre dagar i veka. Tre aviser i tilskottsordninga vart lagde ned i 1996. To av avisene var tradisjonsrike nr. 2-aviser (Avisa Trondheim og Gula Tidend). Den tredje var avisa Ytre, som er ei ny lokalavis.


	1988	1989	1990	1991	1992	1993	1994	1995	1996
Tilskott til telekom.	2.930	2.938	1.281	1.400	1.453	1.453	0	0	0
Produksjonstilskott	133.742	156.580	133.245	150.667	170.317	190.931	204.603	202.682	200.401
Tilskott til pressekontor	4.228	4.484	4.641	4.817	5.498	6.261	9.837	9.873	10.095
Medieforskning og etterutd.	15.095	16.510	15.754	16.353	18.466	18.628	18.116	17.616	15.012
Distribusjonstilskott	22.592	26.428	14.248	14.789	15.344	15.521	0	0	0
Tilskott til samiske aviser	2.834	2.939	3.456	3.587	3.722	3.756	3.843	5.766	6.096
Tilskott til visse publikasjonar	18.893	20.592	20.899	23.250	24.122	24.899	31.899	31.857	34.074
Distr. tilskott til avisene i Finnmark	0	1.200	1.242	1.289	1.337	1.352	1.380	1.380	1.411
SUM	200.314	231.671	194.766	216.152	240.259	262.826	269.636	269.174	267.089

Tabell: Utviklinga i dei ulike pressestøtteordningane 1988-1996 (tal i tusen kroner)

Andre støtteordningar

Tilskott til pressekontor

Ordninga omfattar pressekontor som er knytte til dei politiske partia som er representerte på Stortinget og til Nynorsk pressekontor. Tilskottet omfattar eit grunntilskott og eit tilskott for kvar avis som abonnerer på tenestene. Til saman fekk pressekontora vel 10 millionar kroner i 1996.



Anvendt medieforskning og etterutdanning

Løyvinga omfattar etterutdanningsverksemda til namngjevne institusjonar. I 1996 reduserte Stortinget løyvinga til etterutdanning med tre millionar kroner. Reduksjonen gjaldt den delen av løyvinga som vart nytta til utdanning av ikkje-redaksjonelle medarbeidarar i pressa. I 1996 vart 2,3 millionar kroner ytt til Norske Avisers Landsforening, 500 000 kroner til Pressens Lederprogram, 200 000 kroner til Landslaget for Lokalaviser og 8,1 millionar kroner til Institutt for Journalistikk.

Kunnskapsbasen Medie-Norge i Bergen fekk nær 400 000 kroner. Kunnskapsbasen registrerer data om ulike medium som gjer det mogeleg å samanlikne dei ulike media når det gjeld organisasjon, struktur, økonomi, innhald og bruken av dei.

Støtte til samiske aviser

Støtta til samiske aviser består av eit driftstilskott og eit språktilskott til samiskspråklege aviser. Avisene Sagat, Min Aigi og Saami Aviisa Assu fekk driftstilskott på til saman 5,1 millionar kroner.

Min Aigi, Saami Aviisa Assu og Nourttanaste fekk eit språktilskott på til saman 720 000 kroner.

Visse publikasjonar

